



## Innkalling av Næringsfondsstyret

**Møtedato:** 31.01.2023  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Flodmaal  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

**Det vert i tillegg til vedtakssaker, orienteringssak om:**

- **Søknad om støtte frå næringsfondet til kjøp av næringsbygg**
- **Revidering av Strategisk næringsplan.**

Eventuelle forfall må meldast via Møteportalen (politikarportalen). Ordføraren må og få melding om forfall til møter.

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

### Sakliste

<b>Sak nr.</b>	<b>Sakstittel</b>
001/2023	Godkjenning av innkalling og sakliste
002/2023	Godkjenning av møteprotokoll
003/2023	Referatsaker
004/2023	Orienteringssaker
005/2023	Søknad om tilskot - Nygard Elektro
006/2023	Søknad til næringsfondet - Coop Modalen

24. januar 2023

Kjetil Eikefet  
møteleiar

Tonje Husum Aarland  
sekretær

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
001/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

### Godkjenning av innkalling og saksliste

#### Forslag til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

#### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland	FE-033	23/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
002/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

### Godkjenning av møteprotokoll

#### Forslag til vedtak:

Møteprotokoll vert godkjend slik den ligg føre

#### Saksopplysningar:

#### Vedlegg:

Protokoll - Næringsfondsstyret - 20.10.2022

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
003/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

## Referatsaker

### Forslag til vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

### Saksopplysningar:

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Lin Tove Thomassen	FE-033	23/52

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
004/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

### Orienteringssaker

#### Forslag til vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

#### Saksopplysningar:

- **Søknad om støtte frå næringsfondet til kjøp av næringsbygg**  
Søknaden er vurdert og planlagt lagt fram for kommunestyret i møtet 08.02.2023, med grunnlag i vedtekter for næringsfondet og prinsipielle avklaringar.
- **Revidering av Strategisk næringsplan**  
Det er planlagt sak for Formannskapet om revidering av Strategisk næringsplan.

# Sakspapir

<b>Saksbehandler</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Tonje Husum Aarland	FE-223, FA-U01	23/9

<b>Saksnr</b>	<b>Utvalg</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
005/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

## Søknad om tilskot - Nygard Elektro

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr. 400 000,- i tilskot og 225 000,- i lån, som samla sett er 50 % i lån og tilskot, til Nygard Elektro til innkjøp av servicebil med inventar, samt diverse utstyr og ikt-/dataverktøy. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet og lånet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
3. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
5. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
6. Lån over kr 50 000,- skal sikrast med pant.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017).

### Saksopplysningar:

Nygard Elektro søker næringsfondet om kr 750 000,- i tilskot til innkjøp av servicebil med inventar, samt diverse utstyr, ikt- og dataverktøy og medlemskap NELFO. Søklar viser til at samla kostnader er rekna til kr 1 250 000,-, kor kr 150 000,- skal finansierast med banklån og resterande utanom søknadstilskot skal finansierast gjennom eigenkapital og eiga arbeid. Søknadssummen utgjer over 50 % av samla kostnader.

### Bakgrunn

Søkjær viser til ei satsing på å utvikle ei eksisterande enkeltmannsbedrift til etablering av bedrifta som eit AS med 100 % fast stilling, samt moglegheit for utviding i form av tilsetjing av montør eller lærling. Grunnlaget for søknadssum er innkjøp av servicebil med inventar, IKT- og datautstyr, diverse verktøy og andre kostnader ved oppstart.

### **Vurdering**

Det vert i næringsfondsvedtektene vist til at næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen. Strategisk næringsplan for Modalen kommune vektlegg mellom anna eit fokus på gründer, etablering, entreprenør og innovasjon.

Søkjær har vore eit enkeltmannsføretak, men ønskjer no å etablere seg som eit AS med ein 100 % stilling, med moglegheit for å utvide med fleire tilsette. Det søkjast derfor om stønad til å investere i bedrifta.

Sentrale kriteria i vurderinga av stønad er grad av sysselsetjings- og bustadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar. Her vert det vurdert om tilskot kvalifiserer innanfor lågare grad (inntil 20% stønad), middels grad eller høg grad (inntil 50 % stønad).

Kvar einaste nye arbeidsplass bidrar til at kommunen har eit aktivt næringsliv. Gjennom å sikre desse arbeidsplassane aukar samstundes busetnadsgrunnlaget i kommunen – dette er ein ynskt utvikling.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket som vert søkt om er grundig og godt forankra, og vil kunne bidra til utvikling av næring i Modalen. Det heftar låg risiko for ikkje å nå målsetjinga for tiltaket. I vurderinga av søknadssum sett i forhold til sysselsetjingsgrad og tiltak som fører til etablering av verksemdar, er vurderinga at tiltaket kvalifiserer for kategori 3 – høg grad (jf. strategisk næringsplan) – med inntil 50 % samla lån og tilskot; der 35 % er tilskot og 15 % er lån.

### **Konklusjon**

Rådmannen rår til at Modalen kommune løyver kr. 400 000,- i tilskot og 225 000,- i lån, som samla sett er 50 % i lån og tilskot, til Nygard Elektro til innkjøp av servicebil med inventar, samt diverse utstyr og ikt-/dataverktøy. Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet og lånet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader.
3. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
4. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
5. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.
6. Lån over kr 50 000,- skal sikrast med pant.

**Vedlegg:**

resultset\_533\_881.xml

Budsjett

Næringsfondet - Søknad om tilskot - elektriske installasjonar i bygg og industri

Tilskot frå Næringsfondet - Modalen kommune - tillegg til søknad



# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Tonje Husum Aarland		23/48

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
006/2023	Næringsfondsstyret	PS	31.01.2023

## Søknad til næringsfondet - Coop Modalen

### Forslag til vedtak:

Modalen kommune løyver kr 700 000,- i tilskot frå næringsfondet til Coop Modalen til prosjekt «Ny butikk». Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadsmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

Vedtaket er heimla i *Vedtekter for næringsfondet* (KS-sak 045/2017).

### Saksopplysningar:

Coop Modalen søkjer næringsfondet om kr 700 000,- i tilskot til investering til materiell og utstyr for å legge til rette for sjølvbetjent butikkløysing for å kunne utvide opningstider for butikken. Søknadssum er om lag 35 % av totalsum for prosjektet på kr 2 250 000,-, der kr 512 422,- vert finansiert av egne midlar og kr 1 037 578,- vert finansiert gjennom støtte frå Merkur.

### Bakgrunn

Coop Modalen investerer i ny butikkløysing for å kunne tilby utvida opningstid på butikken på Mo. Konseptet og investeringa er sett i gong for å snu ein nedgåande trend kring lågare omsetning og for å støtte innmeldt behov frå brukarundersøkingar om utvida opningstid. Målet er å ha klargjort ny

løysing til 150-års jubileum sommar 2023, og det er gjort store investeringar knytt til dette.

Det vert i søknaden vist til at det er avgjerande å få støtte frå fleire kjelder for å få fullfinansiert prosjektet.

### **Vurdering**

Det vert i næringsfondsvedtektene vist til at næringsfondet skal vere eit verkemiddel for næringslivet i Modalen og Modalen kommune i arbeidet med å fremje og styrkje næringsaktivitet og sysselsetjing i kommunen.

Sentrale kriteria i vurderinga av stønad er grad av sysselsetjings- og busetnadseffekt, og tiltak som fører til nyskaping/vidareutvikling av verksemdar. Her vert det vurdert om tilskot kvalifiserer innanfor lågare grad (inntil 20 % stønad), middels grad eller høg grad (inntil 50 % stønad).

Coop Modalen vert vurdert som ein svært viktig del av service-tilbodet i Modalen kommune. Butikken er også ein relativ stor arbeidsplass og vurderast som sentral for øvrig næringsutvikling og sysselsetjing i Modalen. Tiltaket er sett i verk for å kunne oppretthalde dagens drift og arbeidsplassar, samt stette eit behov for innbyggjarar i kommunen.

Rådmannen si vurdering er at tiltaket som vert søkt om er viktig for å kunne bidra til både utvikling av ein sentral næringsaktør, samt sikre sysselsetjing og bustadutvikling elles i Modalen kommune. Rådmannen si vurdering er å rå til at søkar får innvilga søknad om kr 700 000,- i tilskot, som tilsvarar kategori 2 for støtte inntil 35 % av totalsum.

### **Konklusjon**

Rådmann rår til at Modalen kommune løyver kr 700 000,- i tilskot frå næringsfondet til Coop Modalen til prosjekt «Ny butikk». Følgjande vilkår gjeld for vedtaket:

1. Tilskotet skal nyttast i tråd med søknad m/vedlegg.
2. Tilskotet vert utbetalt på grunnlag av medgåtte dokumenterte kostnader. Før utbetaling skal mottakar ha levert inn dokumentasjon eller rekneskap som er spesifisert i samsvar med søknad og vedtak.
3. Utbetaling må skje innan 1 år frå vedtaksdato. Dersom det er behov for forlenging kan dette søkjast om innan fristen.
4. Tilskot løyvd frå næringsfondet vert nedskrive over 5 år. Ved sal av varige driftsmiddel/verksemd/tilskotsgrunnlag før dette tidsrommet er ute, kan kommunen krevje tilbakebetaling i høve til den tida som er gått – til dømes vil sal etter 3. året tilseie at kommunen skal ha tilbakeført 2/5 av tilskotet. Stønadmottakar pliktar på førehand å gje melding til kommunen om sal eller bruksendring i dette tidsrommet.

### **Vedlegg:**

Søknad til næringsfondet - vedlegg til søknad til investering i butikk